



# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 1 • FEBRUAR 2012 • 45. ÅRGANG



**Bibelsalet til himmels** SJÅ SIDE 4



**Sterkt møte i Kairo**

SJÅ SIDE 8-9





**Ny på orgelkrakken**

SJÅ SIDE 16



**Større bibel, færre ord**

SJÅ SIDE 10-11



DIGITAL BIBEL: Den nye oversettelsen av Bibelen kan du få både til lesebrett (Ipad) og til mobiltelefonen.

# Bibelen som app

I begynnelsen var det papyrusruller. Så overtok boken, og etter at Johann Gutenberg fant opp boktrykkerkunsten på 1400-tallet kunne boken bli allemannseie. I dag er det ikke mange familier som ikke har en bibel hjemme.

TEKST OG FOTO: KNUT CORNELIUSSEN

Men nå har det skjedd noe nytt. Bibelen er blitt digitalisert, og du kan lese den på et elektronisk lesebrett. Til og med i moderne mobiltelefoner kan du ha hele Bibelen liggende klar til bruk. Svært så praktisk til bruk på for eksempel reiser.

## Hurtigsøk i Bibelen

For selv om Bibelen er blitt digitalisert, så er innholdet akkurat det samme. En fordel med den elektroniske Bibelen er at du lynraskt kan slå opp der du vil. Ønsker du å vite hvor du finner ordet kjærlighet i bibelen, søker du på ordet og i løpet av under et sekund får du vite at ordet er brukt 140 steder. Den nye oversettelsen kan du få for i overkant av 100 kroner. En engelsk oversettelse er gratis. Og om du ønsker det, kan du gjøre som oss.


På venstre side har vi den norske bibelen og på høyre side den engelske.

## Bibel-app

For enhver femåring er begrepet «app» godt kjent. Vi andre må lære noe nytt. En app er et lite bilde eller et symbol på skjermen. Trykker du på bildet får du tilgang til alt fra Bibelen til hundrevis av spill og oppdatert værmelding. På bildet av lesebrettet under finner du blant annet apper for tv-programmer, bøker, musikk og Bibelen (Bible Reader). Tilbudet på apper er enormt, og de fleste er gratis. «Jeg er for gammel til å lære noe nytt» sier du kanskje. Tøv. Ønsker du å ta i bruk et elektronisk lesebrett, kjenner du sikkert en ungdom som setter deg i gang. Og er du først kommet i gang, så går resten av seg selv.



APPER FRA APPLE: Apper finnes i titusener. Øverst til venstre ligger Bibelen.



ALDER INGEN HINDRING: Nå leser også oldemor Bibelen på Ipad. Er du først kommet i gang, så går resten av seg selv.



PÅ ORGELKRAKKEN: Hallgeir Øgaard i sitt rette element.



FEKK BLOMAR: Hallgeir Øgaard vert ynskt velkomen av Kari Secher.

Velkomst for ny Arna-kantor:

## Takka med toccata

**Søndag 8. januar kunne kyrkjelyden i Arna ta imot ny kantor i Arna kyrkje. Hallgeir Øgaard heiter han. På vegne av Arna sokneråd ønskte Kari Secher han velkomen til Arna og overrekte han tilsettingsbrev underskrive av biskopen i Bjørgvin.**

TEKST: HARALD HAUGSVÆR  
FOTO: ODD KJOS

Hallgeir Øgaard er 26 år og utdanna kantor ved universitetet i Bergen/Griegakademiet. Han kjem frå kantorstilling i Salhus kyrkjelyd. Han fortel at han lenge har ønskt å koma til Arna som han ser på som ein spennande bydel i vekst. Her er gode tradisjonar for kyrkjemusikk og korarbeid, og eit framifrå godt orgel i kyrkja.

– Når det i tillegg og er eit godt arbeidsfellesskap i kyrkja, ligg alt til rette for at eg vil bli lenge i Arna, seier han.

### Kor skaper kameratskap

Den nye kantoren har trødd sine barnesko i Alversund i Lindås kommune. Han starta med musikk alt som seksåring, men då med fiolin. Seinare vart det piano og så orgel. Han vaks opp i eit miljø der musikk var ein viktig del av kulturlivet. Allereie medan han gjekk på ungdomsskulen spela han på sku-

legudstenester i Alversund kyrkje. Hallgeir Øgaard tar no over dirigentjobben i Arna kyrkjekor.

– Det er fint å vera med i eit kor. Det skaper trivsel og gir godt kameratskap, seier han. Difor kan han tenkja seg mange kor i kyrkjelyden, gjerne i samarbeid med andre. Han er leiav Ung kirkesang i Bjørgvin, ein organisasjon som vil fremja kyrkjesong blant unge.

### Mektig musikk

Og så ivrar han for konsertar i kyrkja. Det er så mykje fin kyrkjemusikk han ønskjer å framføra. Det fekk kyrkjelyden ein forsmak av alt på innsettingsgudstena. Da avslutta han gudstena med å spela Toccata av Charles-Marie Widor. Kyrkjerommet vart fylt av musikk. Som ei bylgje rulla musikken mellom steinveggene i kyrkja. Det gav ei mektig oppleving og utløyste spontan applaus frå kyrkjelyden. Dette er berre begynnelsen.

– Vi har mykje å sjå fram til i tida som kjem, var soknepresten sine ord etter gudstena.

# Rekordsal for Bibelen



BIBEL 2011: Lisbeth og Eirik Hjortland på stand.



SANG OG BØNN: May-Linn, Oddhild og Kristine i The prayhouse band.



BETANIA BARNEKOR: Vakker sang frå glade barn.

## Salet av Bibelen i Noreg slo alle rekordar i 2011, og Det norske bibelselskap si ny nye omsetting har òleine selt i heile 79 000 tusen eksemplar.

TEKST OG FOTO: ARNE MULEN

Ser vi heile året under eitt kjem salstalet opp i nær 120 000 eksemplar. Då har vi ikkje rekna med salet av alternative bibelomsettingar frå to andre, mindre bibelforlag. Al-

dri før i historia har det blitt seld så mange biblar i løpet av eitt år i Noreg.

### Smaksprøvar

Salstala har vekt internasjonalt oppsikt og har mellom anna blitt omtala i England av BBC og avisa The Guardian. På Øyrane Torg var

det ei eiga markering av Bibel 2011 under nattope første helga i advent. Kor, grupper og solistar stod for musikalske innslag, medan bibelentusiastar frå ulike kyrkjelydar og forsamlingar i Arna delte ut vaflar og smaksprøver på Bibel 2011. Vi ønskjer alle lukkelege eigarar av ein Bibel 2011 god lesnad!

## Besøksteneste

Diakoniet i Ytre Arna har besøksteneste. Er det nokon som ynskjer regelmessig besøk av ein frå kyrkjelyden, kan dei ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 55 36 22 73.

## Kjøkentjeneste

Kjøkenet i Ytre Arna kyrkjelydshus er modent for oppussing. Soknerådet satsar på oppussing i løpet av 2012. Dette blir eit omfattande arbeid. Ynskjer kyrkjelyden å bidra med ei gåve eller giverteneste i 2012, er soknerådet takksame for det. Kontonr. til Ytre Arna sokneråd er 3633.30.02625. Gåver til Den norske kyrkja gjev rett til skattefritak. Ynskjer ein skattefritak må ein registrera seg på kyrkjekontoret med navn og personnr. Ytre Arna kyrkjekontor, tlf. 55 36 22 73

## Basar i Ytre Arna

Laurdag 17. mars kl 15.00 vert det basar i Ytre Arna kyrkjelydshus. Fenalår, gavekort på kr 500 (Øyrane torg), sengesett, duk og mange andre fine gevinstar. Servering av kaffi og kaker. Inntektene går til oppussing av kjøkenet i kyrkjelydshuset. Ynskjer ein å gje ei gåve til basaren kan den leveras til Alise Bjørnstad, Reidun Leknesund eller på kyrkjekontoret i Arna.

## Kyrkjekoret treng songarar

I samband med konsert med musikarane Marianne Juvik Sæbø og Christian Holter, treng Arna og Ytre Arna kyrkjekor hjelp frå ekstra songarar. Kunne du tenkje deg å vere med på denne konserten, anten du er sopran, alt, tenor eller bass, så kom gjerne på ei øving. Me øver kvar tysdag frå kl. 18.30 i Arna kyrkjelydshus eller Arna kyrkje.

For nærare opplysningar, ta kontakt med kontor Hallgeir Øgaard, telefon 55 36 22 98 eller epost: hallgeir.ogaard@bergen.kirken.no

## Ny dåpsliturgi

Frå 1. sundag i advent har vi tatt i bruk ny dåpsliturgi i kyrkjene i Arna. Dei fleste vil truleg ikkje merka dei store skilnadene i høve til slik det var før. Vi les dei same bibeltekstane - om Jesus og borna og dåpsbøden, men vi les sjølvstektane frå den nye Bibelen. Bønene er derimot litt annleis enn før, og det er kome til eit nytt moment: Takk for barnet og takk for livet. Det som blir sagt til foreldre og fadrar om kva det inneber å bli døypt, kjem no heilt til slutt. Ein vil og merka ei større grad av involvering ved at ein medliturg eller ein frå dåpsfylgjet les ein av tekstane eller får andre oppgaver.

## Bønekalender for Arna kyrkjelyd

Bønenemnda i Arna kyrkjelyd har utarbeidd ein bønekalender med forslag til bøneme for kvar dag i veka. Dei ulike aktivitetane er nemnde og likeeins dei ulike geografiske områda som kyrkjelyden omfattar. Bønekalenderen ligg til utdeling i våpenhuset i Arna kyrkje.

## Når dagsens auga sloknar ut

### Konsert med Arna og Ytre Arna kyrkjekor

Saman med hornisten Christian Holter og songaren Marianne Juvik Sæbø held Arna og Ytre Arna kyrkjekor konsert med religiøse folketonar onsdag 7. mars kl. 19.00.

Programmet vil innehalda både korsong, og meir solistiske folketonar.

Vel møtt!

Billettar: kr. 150,-

Marianne Juvik Sæbø

## KULTURKALENDER

### Konsert med Arna og Ytre Arna kyrkjekor

Saman med hornisten Christian Holter og songaren Marianne Juvik Sæbø held Arna og Ytre Arna kyrkjekor konsert med religiøse folketonar onsdag 7. mars kl. 19.00. Bill. kr. 150,-

### Korkonsert

Konsert med Biskopshavn aspirantkor og barnekor og Bergen domkirkes jentekor i Biskopshavn kirke 11. mars kl. 18.00, blant annet med verket «Kirka vår» av Håvard Sveås. Gratis inngang/kollekt ved utgang.

### Klassisk kirkekonsert

Bergen unge kammerorkester (BUKO) med Christian Grøvlen på klaver spiller verker av Mozart, Haydn og Respighi.

Biskopshavn kirke, søndag 18. mars kl. 19.30. Bill. kr. 100,-/kr. 50,-

### Requiem og Gloria

Goodals «Eternal Light», Liszts Salme 137 og Vivaldis Gloria. Strykekvartett, klaver (Ingrid Mostad Bråten), harpe (Johannes Wik) og kor (Voka, Cantus Sororum og Concord). Åsane kirke, søndag 25. mars kl. 19.00. Bill. kr. 150,-/Forhåndssalg kr. 100,-

### Påskekonsert

Messe av Franz Schubert, samt eget påskeprogram. Concord, Magnificat, Accord, Prima Vista, strykekvartett. Åsane kirke, søndag 15. april kl. 19.00. Bill. kr. 150,-/kr. 100,-

## Ansatte i kirkene har fått nye mailadresser

Fra 15. januar 2012 fikk alle som jobber i kirkene i Bergen nye epostadresser. Endringen består i at vi endrer siste del av adressene, @bkf.no til @bergen.kirken.no. Dette skjedde i forbindelse med en stor oppgradering av datamaskiner og programvare. Det er også i tråd med Kirkerådets arbeid, der alle skal bruke hjemmesider og epost som slutter med kirken.no. De gamle adressene vil fungere i en periode. Trolig ut hele dette året.

Vi holder også på å få i gang nye hjemmesider for menighetene. På adressen [www.bergen.kirken.no](http://www.bergen.kirken.no) vil dere kunne finne oversikter over de ansatte, og epostadressene. Foreløpig er disse sidene mangelfulle, men vi håper å få lagt ut informasjon og ser frem til å bruke dem aktivt i fremtiden.



## Prostkassen

# På tvers



AV PROST ØYSTEIN SKAUGE

**Kirkeshopping er et ord som har dukket opp den siste tiden. I avisa Vårt Land leser vi hvordan man, særlig i USA, hopper fra å tilhøre en menighet eller en trosretning til en helt annen kirke eller kirkesamfunn. En dag pinsevern. Den neste katolikk. Om noen år; kanskje metodist eller lutheraner. Også i Norge er dette et økende fenomen.**

Slik blir det når det som skulle være én hellig kirke er splittet i talløse menigheter og trosretninger.

Også lokalt i Bergen, eller i våre bydeler i Arna og Åsane, ser vi at kirken er splittet. Fremdeles er det store flertallet tilhørende Den norske kirke, men vi har en rekke menigheter som står helt fritt i forhold til storesøster, Den norske kirke. Vi ser også at det dannes forsamlinger rundt flere av bedehusene våre. De som kjenner seg hjemme her er oftest medlemmer av kirken vår, men danner likevel egne fellesskap der det til og med praktiseres dåp.

Disse linjene er ikke noe forsøk på å vurdere eller kritisere eller rose det vi ser. Bare på å konstatere.

Men det gir også en mulighet til å peke på at det faktisk finnes alternativer til å splitte seg

opp, til i en hver sammenheng å skille lag, til å gå inn på veier som synes å føre ut i det som ligner isolasjon.

Det går an å møtes på tvers av menighetsgrenser og trosfellesskap innimellom. Økumenisk fellesskap kalles det.

Økumenikk er en stor sak for de kristne kirkene. Arbeidet som drives på dette feltet på toppplan er en blanding av tung teologi, avansert diplomati og søken etter menneskelig forbedring. Men også på grunnplanet, i mye enklere former, og uten de tunge teologiske agendaene på arbeidsbordet, går det an å møtes på tvers.

Et lokalt eksempel er de økumeniske gudstjenestene som finner sted både i Åsane og i Arna på såmannssøndagen, 5. februar. Denne dagen kalles gjerne også for Bibeldagen. Tekstene for dagen handler om at Guds ord, det vi gjerne forbinder med ordene i Bibelen, skal såes ut slik at flest mulig mennesker kan nås med budskapet om Jesus.

Heldigvis er det fremdeles slik at kirkene og kirkesamfunnene ser så likt på viktigheten av dette at vi kan møtes på tvers av medlemskap og dørstokker i våre egne sammenhenger. På såmannssøndagen gjør vi det, også lokalt. Vi kommer sammen fra ulike kirkesamfunn og bedehus og kirker. For dette er vi sammen om. Det gleder vi oss over. Vi møtes til felles gudstjeneste for å være sammen om det helt grunnleggende for alle kristne kirker og menigheter: Bibelen, Guds ord.

Alle kristne ser for seg at en gang skal de troende samles i Guds evige rike, i det vi ofte omtaler som himmelen. Der er det ingen som tenker at det skal være splittelse og trosretninger. Der vil kirkeshopping være uaktuelt. Da kan det kanskje være lurt om vi i mellomtiden øver oss litt på det vi håper på! Øver mens vi lever

her. Øver på å være sammen. På å møtes, litt på tvers.

Jeg synes jeg hører det er dette Jesus selv ber om. For en gang ba han slik: «Hellige Far, bevar dem i ditt navn, det navnet du har gitt meg, så de kan være ett, slik som vi er ett» (Johs. 17,11).



Vil du bli frivillig medarbeider på Kirkens SOS?

**Innføringskurs for nye frivillige medarbeidere på telefon eller SOS-chat begynner i mars!**

Vi trenger mennesker som vil prate med medmennesker som har det vanskelig. Oppgaven din er å lytte og tenke høyt sammen med den som tar kontakt. Du skal ikke gi råd eller løse den andre sine problemer.

Du får innføringskurs, veiledning og videre faglig oppfølging så lenge du er med i tjenesten. Vanlig vaktturnus er ca. hver 12. dag, tilpasset din hverdag. Kirkens SOS er en døgnåpen krisetjeneste, tilgjengelig via telefon, SOS-melding og SOS-chat.

Du må være mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til egne kriser. Gratis innføringskurs om samtalemetodikk og krisehåndtering starter 5. mars. Interessert?

**Kontakt: Kirkens SOS i Bjørgvin, tlf 55 32 58 45 / mob 941 83 654  
Epost: [bjorgvin@kirkens-sos.no](mailto:bjorgvin@kirkens-sos.no)  
Mer info: [www.kirkens-sos.no/bjorgvin](http://www.kirkens-sos.no/bjorgvin)**

# Abbedissen

begravelsesbyrå as



Fyllingsdalen Døgnvakt 55 15 40 90  
Åsane Døgnvakt 55 25 31 00

TILLITEN TIL OSS VIL BLI GODT IVARETATT

[www.abbedissen.no](http://www.abbedissen.no)

# Bergen Omegn

BEGRAVELSEHJELP

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden

Espen Polden

Tom Wilson

Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

## AVD. BERGEN

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

## AVD. BERGEN VEST

2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50

# Åsane

# Begravelsesbyrå

v/ Johannes R. Blom

55 18 90 00 Døgnvakt

E-post: [aasane-b@online.no](mailto:aasane-b@online.no)  
TERTNESVEIEN 99 (Hildes Blomster AS)

# Arna Gravferdsbyrå AS

Lakslia 14  
5260 Indre Arna

Ragnhild Th. Kristing – Marit I. Hope – Torstein A. Jensen

Tlf. (hele døgnet) 55 24 08 08

# Koba Christensen

BEGRAVELSESBYRÅ

122 års erfaring - Din trygghet i en vanskelig tid.

- Gratis samtale i hjemmet
- Egen blomsteravdeling
- Alle prisklasser - forhåndspris
- Gravmonumenter

Dreggsallm, 5003 Bergen **Telefon: 55 300 800** [post@koba.no](mailto:post@koba.no), [www.koba.no](http://www.koba.no)

# Samdals

# Begravelsesbyrå AS

Bjørn-Eivind K Netland og Arve Løvenholdt  
TRADISJON - TRYGGHET - RESPEKT

Gratis samtale i hjemmet. Døgnvakt: 55 90 19 80



## Riddersalen

Liamyrene 14a, 5132 Nyborg  
Tempelridderordenen

Riddertemplet "Olav Kyrre"  
Lokaler for kurs, møter, konfirmasjon, minnesamvær og andre anledninger, i et rusfritt miljø.

Utleie se: [www.tempelridderen.no](http://www.tempelridderen.no) eller mob.: 414 12 650

## Begravelsesbyrået for byen og distriktet

# Solstrands

## Begravelsesbyrå as

[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)  
[post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)

**DØGNVAKT • 55 55 16 16**

Vår erfaring – din trygghet

## Dåp, konfirmasjon eller bryllup?

Vi har det du trenger for å dekke ditt nydelige festbord!

Stort og unikt utvalg i norske håndlagde lys, servietter, løpere, lystaker, skåler, silkeblomster m.m.

Fjøsangerveien 207  
55 31 80 01

Bryggen 9  
55 31 70 30

Løiten  
Lys



**Bok & Media Vestbok**  
Tlf: 55 31 79 63 – [www.vestbok.no](http://www.vestbok.no)

# Trosopplæringen

Mobil 917 24 471 kate.bolstad@bkf.no 98B.Ab.III

Den norske kirke  
**Åsane menighet**  
 Boks 83 Ulset, 5873 Bergen



## Stjernen Åpen Barnehage i Åsane kirke

**onsdag kl. 9:00 - 14:00**

**mandag og torsdag kl. 9:00 -14:30**

**Barnehagen følger skoleruten**

Åpen barnehage er et tilbud til deg med barn under skolealder. Vi har romslige lokaler (ca 550m<sup>2</sup>), flotte leker og et variert pedagogisk innhold hver dag.



Vi har formingsaktiviteter, bakedager, snekkerverksted, gymrom, arrangementer og samlingsstunder for barn 1-5 år.

Mandag og torsdag blir det også

- **Babysang** for 0-1 år i kirkerommet kl. 12:00.
- **Zumba for mor & baby** onsdager kl 11:00.

Barnehagen ledes av førskolelærer Kate Eliassen Bølstad.

### Du er velkommen

**Litt om barnehagen:**

- Foreldre/foresatte er til stede sammen med barna og deltar i barnehagens daglige gjøremål.
- Ta med egen niste. Vi serverer litt lapper om mandagen, frukt onsdag og torsdag.
- Pris per person er 10 kr/gang.

Vennlig hilsen  
*Godtjen Hauge*  
 prest



#### ÅPNE DØRER I EGYPT:

Nina M. Fotland og Torill Sommerfeldt framom pyramidane. (Foto: Privat)

# Damer som bryr seg

**Ifølge organisasjonen Åpne dører vert meir enn 100 millioner menneske i verda i dag forfulgt fordi dei trur på Jesus. Alt frå trakassering og tap av arbeidsplass, til fengsling og tortur er kvardagen for mange.**

TEKST: HELEN TOPPE

Åpne dører har sidan 1955 jobba for å spreie informasjon om livsvilkåra til kristne i slike land, samt reist med oppmuntning og hjelp til dei forfulgte. Ofte har fokuset vore på prestar og pastorar, menn med leiaransvar som vert hardt ramma. Men dette er ikkje heile biletet.

#### Kvinne til kvinne

Tusenvis av kvinner må bere ei tung bør fordi mannen deira er drept eller i fengsel. Dei sit igjen med ansvar for borna og nokre gongar ein heil kyrkje-lyd, ofte utan inntektsgrunnlag.

Mange er traumatisert. Kvardagen er ein kamp mot familie og myndigheiter som vil bryte ned trua deira. Ønsket om å gje trua vidare til borna sine vert sett på som den verste kriminelle handling. I lys av dette har organisasjonen Åpne dører starta eit arbeid kalla Women to Women (W2W). Grupper av kvinner i mange land kjem saman for å be for sine forfulgte søstre. Dei skriv kort med oppmuntringar på og tilbakemeldingar viser at denne trøysta har hjelpe mange kvinner til å halde motet oppe.

#### Samling i Salhus

I Salhus møtest jamnleg to slike

grupper med damer som bryr seg, eller som dei seier sjølv, «brysame damer». Den eine gruppa held til i Hordvik be- dehus, den andre i menighets- senteret i Salhus. 17. september inviterte W2W Hordaland til felles samling i Hordvik. Her blei det ferske inntrykk frå Egypt, tankevekkjande in- formasjon om Nord-Korea og utfordrande undervisning av nasjonal leiari i W2W, Eva Flå. Områdeleiaren for Åpne dører i Hordaland er Merethe Kjelby, født og oppvokst i Hordvik. Ho losa medlemmane gjennom dagen på ein inspirerende måte, før dei avslutta med tid til bøn for sine forfulgte søstre. Eva Flå er ei smilande sørlandsjente som finn mening i å bryr seg. Tjue år til- bake budde ho og familien fire år i Salhus. Dei har gode minner frå søndagsskulen og barnekoret

der med jentene sine. No held familien til i Kristiansand.

#### I Guds hender

I 2004 blei Eva Flå alvorleg sjuk. Dei neste fem åra vart den vikti- gaste læretida i livet hennar.

– Det å uthalda lidning gjer noko med eit menneske. Eg lærte først og fremst å stole på Gud i alle ting, fortel Flå.

– Å vente på Han og halde fast på Ordet Hans var det som heldt meg oppe.

Mange av tankane og kjenslene frå denne tida vart til to diktsam- lingar som i dag vert seld til inn- tekt for W2W. I 2008 fekk man- nen hennar, Eivind Flå, jobb som informasjonsleiar i Åpne dører. Eva Flå fekk då førstehands kjennskap til kva kristne i andre land måtte tåle for trua si.

– Eg bestemte meg for å seie ja til Guds kall om heiltidsteneste



**TAHRIR-PLASSEN, APRIL 2011:** – Stemninga var roleg og forventningsfull. Glade ungdommar selde flagg, vimplar og T-skjorter med dei egyptiske fargane på, seier Nina M. Fotland, som blei augevitne til demonstrasjonane i fjor vår. (Foto: Nina M. Fotland)



**TILFELDIG MØTE I KAIRO:** – Eg veit ikkje navnet på dei som er på dette biletet. Dei var blide og imøtekomande, men det var sterkt å oppleve blikkontakt med ho som er tildekkja. Ein gjer seg alltid nokre tankar i møtet med ei burkakledd kvinne, seier Nina M. Fotland. (Foto: Privat)

for Han dersom eg vart frisk att, avslører ho.

Då ho i 2009 vart utfordra til å starte opp W2W i Norge, var ho både frisk og klar for oppgåva.

### Tur til Egypt

– Mi eiga erfaring med lidning og smerte på fleire plan har førebudd meg til denne jobben, seier den kloke sørlandsjenta.

– Når ein får innblikk i det livet våre forfulgte søstre lever mange stader i verda, grip det tak i hjarta og slepp aldri taket igjen.

Det som har gjort størst inntrykk på Eva er å få oppleve desse kvinnene sitt mot, si tru og vilje til å halde ut. Det er også sterkt å møte alle norske kvinner som tek dette bønearbeidet på alvor og bryr seg. Ei av dei, Nina M. Fotland frå Hordvik, var ei av elleve brysame damer som fekk ein uforgløyemeleg tur med W2W til Egypt i mars/april i år. Seks norske og fem danske damer fekk då oppleve både revolusjon og levekåra til dei kristne i Egypt. Dei sterke inntrykka skapte eit fantastisk samhald og fellesskap i gruppa. Nina Fotland fekk sjå arbeidet egyptiske Åpne dører-arbeidarar gjer for dei kristne i Egypt. Dei jobbar mot diskriminering og syter for helsetilbod, skulegang, mat og klær. Fotland fekk sjå at både pengar og oppmuntringskort frå Noreg når fram og betyr ein skilnad.

### Revolusjon og brubygging

At det nyttar å bry seg viste også ein gjeng egyptiske ungdommar dei besøkte. Dei driv eit arbeid liknande KRIK (Kristen idrettskontakt), der kristne og muslimske ungdommar treffest. Målet er å bygge bru, skape re-

spekt og venskap og å vise kva den kristne bodskapen eigentleg handlar om. Revolusjonen i Egypt sette nesten ein stoppar for turen.

– Plutsleg var vi der sjølv, på Tahrir-plassen, blant fredelige demonstrantar etter fredagsbøna, fortel Fotland.

– Stemninga var roleg og forventningsfull. Glade ungdommar selde flagg, vimplar og T-skjorter med dei egyptiske fargane på.

Under dei store demonstrasjonane hadde kristne og muslimar gått side om side og vist respekt. Men vil dette vare? Åpne dører sine kontaktar i Egypt er framleis svært spente på framtida. Vil kristne - både koptiske kristne og muslimar som har konvertert - få like rettar som andre egyptarar når den nye regjeringa er på plass?

### Kristi kropp

Torunn Fosse likar slett ikkje å vere til bry, men å bry seg vil ho gjerne. Som ung student i Oslo fekk ho høyre Broder Andreas frå Nederland fortelje om sitt arbeid. Han er grunnleggjar av Åpne dører, og har smugla fleire tonn med biblar og kristen litteratur inn i lukka land for å hjelpe forfulgte kristne. Sidan den tid har Fosse stått saman med den lidande kyrkja i bøn. No leier ho W2W-gruppa i Salhus.

– På møtene våre får vi høyre historier frå kvinner som har det vanskeleg fordi dei trur på Jesus. Ektemennene kan vere i fengsel eller drept, nokre opplever at borna vert tatt frå dei. Vi ber for desse kvinnene og skriv kort til dei for å oppmuntre og støtte dei, fortel ho.

For Torunn er orda i 1. Kor. 12,26-27 grunnen til engasje-

mentet hennar: «For om ein lem lid, så lid alle dei andre med. Og om ein lem blir æra, gleder alle dei andre seg. De er Kristi kropp, og kvar av dykk ein lem på han».

### Svar skuldig

Merethe Kjelby er ei anna dame som ikkje klarar å la vere å bry seg. Barneskoa sleit ho ut i Hordvik. Eller som ho seier det sjølv; «kvardagen på bedehuset og søndagen i kyrkja».

– Heimen vår var ein mini-misjonsstasjon med engasjerte foreldre. Vi vart vist tillit og ansvar. Vi reiste på alle leirar som var å oppdrive og henta styrke og inspirasjon, hugsar Merethe, og nemner spesielt Raknestunet og Audun Hjellvik.

Då Merethe var 12 år gamal fekk ho sjå ein film frå omskuleringsleirar for kristne i Sovjet. Dette gjorde eit uutsletteleg inntrykk på den unge jenta. Takksemd for eigen trusfridom fekk Merethe til å be og bry seg. For ti år sidan var tida komen for å gjere kallet til fulltidsjobb. Ho jobba som frivillig i Norsk misjon i øst ei tid, før ho starta som områdeleiar for Åpne dører i Hordaland. Merethe bryr seg for mykje til å snu seg vekk frå ubehagelege spørsmål.

– Eg har møtt konvertittar i Kairo som gjentatte gongar har opplevd tortur og fengsel fordi dei trur på Jesus, fortel ho.

– Dei har kostnadsberekna trua si, og spør oss kva kross vi må bere. Eg vert svar skuldig.

### Meir informasjon:

[www.opendoors.no](http://www.opendoors.no)

[www.opendoors.org](http://www.opendoors.org)

## Gi meg ditt hjerte

Gi meg ditt hjerte,  
mitt kjære barn,  
sier Herren Gud.

Gi meg hva du fikk av meg,  
livet jeg ga deg.  
Jeg dannet deg,  
jeg skapte deg før du ble født.

Ditt hjerte vil ofte  
fordømme deg.  
Derfor: Gi det til meg!

Slik det er  
vil jeg ta det imot,  
med alt hva der lever og bor.

Jeg er større enn ditt hjerte,  
sier Herren.  
Min kjærlighet og nåde vil lege det,  
fullt og helt.

Jeg ga deg min sønn  
på Golgata.  
Jeg ble en forsonet Gud.

Så gi meg ditt hjerte.  
Det er mitt kall.

Gi meg hva du fikk av meg,  
for hjertet ditt,  
det er deg.

Eva Flå



«BRYSAMME DAMER»: Nina M. Fotland, Torunn Fosse, Kjellfrid Skare og Anne Solveig Hansen ber for sine forfulgte søstre. (Foto: Privat)



FORFULGTE KRISTNE: – Eg har møtt konvertittar i Kairo som gjentatte gongar har opplevd tortur og fengsel fordi dei trur på Jesus, seier Merethe Kjelby, her saman med Eva Flå. (Foto: Privat)

**BIBELOVERSETTER:** – Vi har fått en større bibel enn noen gang, unntatt i sidetall, sier Gunnar Johnstad.

# – Vi har gjenvunnet det bibelske billedspråket

**«Herberget» er erstattet med «husrom», Maria er ikke lenger «trolovet» med Josef (nå er hun «lovet bort» til ham), gjeterne holder ikke lenger nattevakt over sauene sine («flokken sin» heter det nå), og de blir heller ikke «meget forferdet» når engelen viser seg for dem; nå blir de derimot «overveldet av redsel». Også englenes sang har fått et litt annet innhold. Før sang de om fred på jorden blant mennesker som «har Guds velbehag», nå handler det om mennesker som «Gud har glede i».**

TEKST OG FOTO:  
MAGNE FONN HAFSKOR

Denne julen var det mange som fant ny glede i Juleevangeliet, den kortfattede og poetiske teksten i Lukasevangeliet, - som i likhet med resten av Bibelen nå er kommet i en helt ny oversettelse. Førsteamanuensis Gunnar Johnstad ved NLA Høgskolen har vært sentral i dette arbeidet, og gleder seg nå over en norsk bibel som både er mer tro mot originaltekstene og forhåpentligvis mer samlende for landets kristne.

## Nye bilder

Et imponerende arbeid ligger bak, der oversetterne både har gått tilbake til de hebraiske og greske grunntekstene og søkt språkhjelp hos moderne norske poeter, dramatikere og forfattere som Karl Ove Knausgård, Hanne Ørstavik, Håvard Rem, Jon Fosse, Pål Helge Haugen, Oskar Stein Bjørlykke, Inger Bråtveit og Inger Elisabeth Hansen.

– Noe av det som kjennetegner den nye oversettelsen er at vi har gjenvunnet det rike bibelske billedspråket. Vi har fått inn nye bilder, og tatt tilbake mange av de som forsvant i 1978-utgaven, sier Gunnar Johnstad.

For å illustrere dette, blar han opp på Paulus sitt første brev til tessalonikerne. Dette regnes som det eldste skriftet fra Paulus, og ble sannsynligvis nedtegnet rundt år 50 - etter at han hadde grunnlagt menigheten i Tessalonika.

## Fortsatt Far

«For en kort tid ble vi skilt fra dere, søsken, som barn fra sine foreldre» (1. Tess. 2:17) står det i den nye oversettelsen, mens den forrige versjonen nøyer seg med knappe «for en kort tid ble vi tatt fra dere, brødre».

– Vi har tatt utgangspunkt i den greske originalteksten, som benytter et ord som brukes om barn som skilles fra sine foreldre. Dette sier noe om hvor sterkt Paulus følte avskjeden med menigheten, forklarer Johnstad.

– Og brødre er erstattet med søsken?

– Ja, det er i tråd med en mer kjønnsinkluderende språkbruk.

– Hva med Faderen? Burde det ikke heller vært Forelderen?

– Hehe. Nei, det kan vi ikke forandre. Da er det ikke lenger en oversettelse, men en ideologisk gjengivelse. Men vi skriver nå stort sett Far i stedet for Fader, sier Gunnar Johnstad, som til daglig underviser i Det nye testamentet ved NLA Høgskolen. Han er utdannet teolog, og har vært med som bibeloversetter helt siden prosjektets spede begynnelse i 1999.

## Belærende bibel

– Jeg har hatt tilknytting til Bibelselskapet i over 30 år, og var den eneste i oversetterteamet som representerte kontinuiteten til den forrige oversettelsen fra 1978, sier han. – Hva gikk debatten på i 1978?

– Å, det var mange ting. Klimaet var preget av steile fronter. Kritikken gikk særlig på at man hadde gått for langt i retning av et forklarende språk, og slik fjernet seg fra de

bibelske bildene. Et viktig eksempel var «nådestolen» (Rom. 3:25), et teologisk ladet begrep som ble erstattet med sonoffer. Nå heter det soningssted.

Oversettelsen fra 1978 fikk ord på seg for å være belærende og pratsom, og blir av kjennere gjerne omtalt som en pedagogisk oversettelse.

– Jeg ser kritikken, og den nye utgaven har imøtekommet denne på vesentlige punkter, mener Johnstad.

## Ordet fanger

– Dere har gått tilbake til kildeskriftene?

– Ja. Bibelselskapet vedtok opprinnelig at det skulle være en varsom revisjon, og at arbeidet skulle utføres i løpet av få år. Men bordet fanger og ordet fanger. Da vi først var i gang, var det ikke mulig å legge bånd på seg. Så det vi presenterer nå er faktisk en helt ny oversettelse direkte fra de hebraiske (Det gamle testamentet) og greske (Det nye testamentet) grunntekstene.

– Det har vært diskutert om den forrige oversettelsen knyttet til Judas

sin rolle i påskedramaet har vært for streng. Er dere snillere med Judas nå?

– Grunnteksten bruker det greske ordet «paradidomi», som kan bety både «overga ham» og «förrådte ham». Så det er ikke feil oversatt, og vi har ikke gjort noen forandring nå. Når vi oversetter kan vi ikke velge og/eller. Men dersom vi er veldig i tvil, kommer det gjerne en fotnote til teksten.

Et eksempel på dette er det kjente skriftstedet om Guds rike (Luk. 17:21). Grunnteksten kan oversettes både som at Guds rike er «iblant dere» og «inni dere».

– New Age-bevegelsen ville nok helst at det skulle stått «inni dere», smiler han.

– Men vi har valgt «iblant dere», i betydningen noe synlig. Slike avgjørelser har vi gjort mange av. Det er umulig å få med hele fylde i en oversettelse.

### Samisk oversettelse

– Hva med den nynorske utgaven? Er den oversatt fra bokmål?

– Nei, begge er oversatt fra grunntekstene. Men de to oversettelsene har hatt gjensidig nytte av hverandre underveis.

– Kommer det en ny oversettelse på samisk også?

